



ÅMLI KOMMUNE

- BYGDA FOR ALLE



**Retningslinjer for tilskot til lag og organisasjoner i Åmli kommune
2019-2022**

Vedtatt av Åmli kommunestyre 25.10.2018

INNHALD:

1	Generelt.....	3
2	Aktivitets- og driftsstøtte.....	3
3	Prosjektstøtte.....	3
4	Investeringsstøtte.....	4
5	Arrangementsstøtte.....	4



1 Generelt

- 1.1. Søknadsfristen for aktivitets- og driftsstøtte, investeringsstøtte, prosjektstøtte og arrangementsstøtte er sett til 1. april. Dette er einaste gongen i året då det er mogleg å søke. Det skal nyttast elektronisk søknadsskjema på kommunens heimeside.
- 1.2. Lag og foreiningar i Åmli kommune kan søke om aktivitets- og driftsstøtte, investeringsstøtte, prosjektstøtte og arrangementsstøtte. Lag og foreiningar som har tilknytning til politiske parti, arbeids- og næringslivsinteresser og/eller driv med verksemd knytt til slike felt, fell utanfor ordninga om tilskot til lag og foreiningar.
- 1.3. Retningslinjer for tilskot til lag og organisasjonar skal reviderast kvart 4. år.
- 1.4. Lag og foreiningar som mottar tilskot frå Åmli kommune forpliktar seg til å tilby ordning med følgjekort for funksjonshemma på sine offentlege arrangement med inngangspengar.
- 1.5. Tilskot til lag og organisasjonar blir fordelt slik:
 - 60% går til aktivitets- og driftsstøtte
 - 20% går til prosjektstøtte og investeringsstøtte
 - 20% går til arrangementsstøtte

Dersom det ikkje kjem inn tilfredsstillande søknader til prosjektstøtte, investeringsstøtte eller arrangementsstøtte, blir pengane overført til dei ande postane ut frå behov.

2 Aktivitets- og driftsstøtte

- 2.1. Aktivitets- og driftsstøtte skal gå til den ordinære drifta av laget. Drift er dei vanlege utgiftene som laga og foreiningane har kvar veke og kvar månad. Formålet med aktivitets- og driftsstøtta er å motivere og stimulere laga og foreiningane til aktivitet.
- 2.2. Åmli kommune ønsker å prioritere aktive lag med mange barn og unge. Difor må søkarane føre opp tal på aktive medlemmer over og under 20 år. Aktive medlemmer betaler medlemskontingent, og/eller deltar på minimum 60% av aktivitetane i laget. Med utgangspunkt i talet på aktive medlemmer blir aktivitets- og driftsstøtte fordelt etter følgjande fordelingsnøkkel:
 - Vekttal 2: Aktivitetar for barn og ungdom
 - Vekttal 1: Utadretta kulturverksemd
 - Vekttal 0: Eigenaktivitet for vaksne

Med utadretta kulturverksemd meinest aktivietarar eller arrangement som lag og foreiningar organiserer aleine eller saman med andre, og som er ope for publikum ut over laget sine eigne medlemmer.

- 2.3. Obligatoriske vedlegg til søknaden er: årsmelding og revidert rekneskap for førre år, budsjett og årsplan for søknadsåret.

3 Prosjektstøtte

- 3.1. Prosjektstøtte skal brukast til tidsavgrensa prosjekt som ikkje er ein del av den ordinære drifta. Prosjekt kan vere t.d. kurs, turar eller utprøving av nye aktivitetar/tilbod. Lista er ikkje uttømmande. Prosjektet skal vere gjennomført i løpet av søknadsåret. Ein kan ikkje søke støtte til same prosjekt fleire år på rad.
- 3.2. Obligatoriske vedlegg til søknaden er: prosjektplan, budsjett og finansieringsplan. Det skal førast opp ein eigeninnsats på minimum 50% i finansieringsplanen. Eigeninnsatsen kan vere i form av pengar eller arbeidsinnsats.

3.3. Det skal leverast rapport på prosjektet seinast eit år etter gjennomføring. Dersom prosjektet ikkje er gjennomført eller midla brukt til andre tiltak enn det er søkt om, kan kommune krevje pengane tilbake.

4 Investeringsstøtte

4.1. Investeringsstøtte skal brukast til investeringar som går ut over den normale drifta i laga. Med investeringar meinst for eksempel reparaasjonar av bygningar, kjøp av større utstyr og liknande. Det er mogleg å søke fleire gonger om investeringsstøtte dersom ein har fått avslag pga prioritering eller feil i søknaden. Investeringa skal vere gjennomført i løpet av søknadsåret.

4.2. Obligatoriske vedlegg til søknaden er: dokumentasjon av behov, planteikning (dersom bygning/reparasjon eller liknande), budsjett og finansieringsplan for investeringa. Det skal først opp eigeninnsats på minimum 50% i finansieringsplanen. Eigeninnsatsen kan vere i form av pengar eller arbeidsinnsats.

4.3. Det skal leverast sluttregneskap for investeringa seinast eitt år etter at investeringa er gjort. Dersom investeringa ikkje er gjort eller midlane brukt til andre tiltak enn det er søkt om, kan kommune krevje pengane tilbake.

5 Arrangementsstøtte

5.1. Arrangementsstøtte skal brukast til faste eller enkeltstående arrangement innanfor utadretta kulturverksemd, jfr. pkt 2.2.

5.2. Arrangementet skal i hovudsak ha eit kulturelt/allmennyttig, ikkje kommersielt formål.

5.3. Det er ikkje mogleg å søke både arrangementsstøtte og kommunal støtte til marknadsføring og profilering til same arrangement.

5.4. Obligatoriske vedlegg til søknaden er: program og formål med arrangementet, budsjett og finansieringsplan. Det skal førast opp ein eigeninnsats på minimum 50% i finansieringsplanen. Eigeninnsatsen kan vere i form av pengar eller arbeidsinnsats.

3.3. Det skal leverast rapport frå arrangementet seinast eit år etter gjennomføring. Dersom arrangementet ikkje er gjennomført eller midla brukt til andre tiltak enn det er søkt om, kan kommune krevje pengane tilbake.

